



Krumtappar i vassverket i alle år - Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det private Uskedal Vassverk har innkalt til ekstraordinært årsmøte i skulen 7. november klokka 19.30 og berre ei sak står på saklista.

Den gjeld endring av selskapsform og godkjenning av endra vedtekter slik at dei vert i samsvar med samvirkelova av 2007

Vassverket har sidan starten for over 60 år sidan vore organisert som eit lutlag/partlag. Men neste år vert det innført nye skattereglar som gjer at slike lag må betalla skatt av eit eventuelt overskott.

Den einaste løysinga for private vassverk landet rundt har difor vore å endra selskapsform til samvirkeforetak (SA) innan utgangen av 2012. Reint praktisk vil ikkje dette ha nokon verknad for den einskilde parteigar, presiserar leiar Hans Reidar Kjærland.

- Kva seier så juristane?
- Advokat Haldor Tveit har gått gjennom vedtektane våre og fått dei tilpassa til samvirkelova. For oss er et snakk om små endringar. Tveit kjem imidlertid på årsmøtet for å svara på eventuelle spørsmål

Av Ola Matti Mathisen